



Arkivnr: 2016/4914-66

Saksbehandlar: Sturla Binder, Roger Kvarsvik, Anne Aune

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		

## Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) haust 2016

### Samandrag

Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) er open for alle sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre.

Ved søknadsfrist 15. mai 2016 var det komen inn 30 søknader. På budsjettposten 400.620 Ålmenne kulturvernforemål i årsbudsjettet for 2016 vart det sett av kr. 150 000 til tilskot historielag. Retningsliner for tilskotsordninga vart vedteke i *Kultur- og ressursutvalet* 19.03.2015. Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025. Støttenivå er maks 30.000 kroner. Tilskotet til Hordaland sogelag på kr. 37.000 vert ført vidare som eit driftstilskot. Til saman er det difor kr. 113 000 å fordele i tilskotsordninga.

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, og det har prioritert strengt ut frå dette og dei andre vurderingskriteria.

I vedlagt liste over søknader er det i tillegg til opplysningar frå søkjar gjeve ei kort grunngjeving i samband med avslag, og i nokre tilfelle ei tilråding saman med søknader som er innvilga

Ein har sett til prioriteringane som ligg i *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025* og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søknadane.

### Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet fordeler over budsjettpost 400.620.15 Tilskot til historielag, 113 000 kroner slik:

Søkjar	søknadssum	tilråding
1 FJELL KULTURMINNELAG - kulturminneregistrering	30000	10 000
2 ALMÅSGÅRDENES VENNER	30000	0
3 ÅSANE HISTORIELAG	30000	10 000
4 EIDFJORD SOGELAG	10000	5 000
5 BØMLO TUR OG SOGELAG	30000	5 000
6 KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG	0	0
7 VOSS SOGELAG	30000	5 000

8	OSTERØY SOGELAG	30000	10 000
9	AUSTRHEIM KYST- OG SOGELAG	20000	10 000
10	FEDJE HISTORIELAG	30000	0
11	VENER AV MJØSVÅGEN	30000	10 000
12	OS SOGELAG	30000	10 000
13	ASKØY MUSEUMSLAG	6000	3 000
14	HORDALAND SOGELAG - Temahefte om fiske og fangst	10000	0
15	VETERANLAGET WICHMANN-WÄRTSILÄ	30000	0
16	ODDA KOMMUNE - smelteverk	30000	0
17	ODDA KOMMUNE - ferdavegene	30000	0
18	YTRE ARNA HISTORIELAG	30000	0
19	KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG	20000	7 000
20	STRILETAGGEN - NORDHORDLAND FILATELISTKLUBB	25000	5 000
21	STOLMEN VEL	30000	0
22	SUNNHORDLAND MUSEUM	30000	0
23	AUSTEVOLL HISTORIELAG	10000	8 000
24	MOSTER SOGELAG	30000	5 000
25	VAKSDAL HISTORIELAG	30000	5 000
26	HORDALAND SOGELAG	150000	0
27	RADØY SOGELAG	30000	5 000
28	FUSA KOMMUNE	30000	0
29	HORDALAND SOGELAG - seminar om husmannsvesenet	30000	0
30	FJELL KULTURMINNELAG - Innkjøp av utstyr	12805	0
	<b>Til saman</b>	<b>883 805</b>	<b>113 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.08.2016**

Tilskot til sogelag er open for alle sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre. Det er søknadsfrist ein gong i året, om våren.

Ved søknadsfrist 15. mai var det komen inn 30 søknader som alle er handsama i denne saka. På budsjettposten 400.620 Almenne kulturvernføremaal i årsbudsjettet for 2016 vart det sett av kr. 150 000 til tilskot historielag. Retningslinjer for tilskotsordninga vart vedteke i *Kultur- og ressursutvalet* 19.03.2015. Tilskotet til Hordaland sogelag, på kroner 37 000, vert ført vidare som fast årleg driftstilskot. Til saman er det difor kr. 113 000 å fordele i tilskotsordninga.

Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med *Regional plan for kultur 2015 – 2025*. Midlane skal nyttast til tiltak for å styrke lokalhistorisk arbeid som publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm. Støttenivå er maks 30.000 kroner. Det er sett krav om at søknaden må ha mål og framdriftsplan for prosjektet, budsjett, søknadssum, planlegging, evt. samarbeidspartar. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, og det har prioritert strengt ut frå dette og dei andre vurderingskriteria.

Føremål for ordninga er å støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med *Regional plan for kultur 2015 – 2025*. Jf retningslinjene for tilskotsordninga skal midlane nyttast til tiltak som styrkjer lokalhistorisk arbeid som publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm som vert utført av frivillige aktørar.

Søkjarmengda har auka frå 8 søknadar i 2015 til 30 i 2016 og den samla søknadssummen er kr. 883 805. Tilskotsordninga vart gjort kjend m.a. gjennom nettsider og informasjon pr. e-post. Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkjarane i opp mot kvarandre. I tillegg til retningslinjene har ein også sett til prioriteringane som ligg i *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025* og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søknadane.

Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:

- a) ordinær drift
- b) investeringar i bygg, anlegg og utstyr
- c) reiseutgifter

Der er også komne inn nokre søknader frå musea og kommunar. Desse er ikkje prioritert, då dei fell utanfor ordninga. Vi har prioritert søkjarar med gode samarbeidsmodellar og nyoppretta sogelag, i høve til målet om auka lokalhistorisk aktivitet. Der søkjarar ønskjer å ta i bruk digitale verkty, prioriterer vi dei som nyttar opne løysingar og anbefalte standardar. Då midlane i denne søknadsordninga er svært avgrensa i forhold til behovet vil har ein også prioritere vekk nokon tiltak som ved andre tildelingsrundar har fått positivt tilsegn.

Det må gjerast merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. I vedlegget har fylkesrådmannen grunngjeve tildelingane og avslaga. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke